

Uttale til konsesjonssøknad frå Vassbakke Kraft AS

Vedteke på årsmøte for Veglaget i Vassbakkedalen den 17.04.2013

I Vassbakke Kraft AS sin konsesjonssøknad om utbygging av Vassbakke kraftverk er det lagt opp til å utvide den gamle vegen frå Tverrelva til kraftverket ved Støylen.

For om lag 10 år sidan søkte Steinsvik Olivin AS om å nytte den same traseen til olivinuttak i Raudehammaren.

Det vart då frå mange hald uttrykt sterk motstand mot å øydelegge denne vegen og det vart lagt fram omfattande dokumentasjon på vegen sin kulturhistoriske verdi. (Sjå vedlegg)

Protestane vart tekne til følgje og tilkomstveg til mineraluttaket vart lagt lenger oppe i fjellsida.

I Vassbakke Kraft AS sin konsesjonssøknad er det no sagt at vegen vart øydelagd under prøveuttak av olivin i 2001.

Dette er ikkje rett.

Det vart rett nok køyrd på noko grusmasse enkelte stader.

I tillegg har gardbrukarane på Vassbakke, vel både før og etter dette prøveuttaket, køyrd på grus nokre stader for å gjere vegen betre framkomeleg med traktor.

Vegen er av den grunn ikkje øydelagd. Det var ikkje fjerna noko frå vegen og dersom ein fjernar grusmassa som vart påkøyrd, vil vegen framstå slik den var.

Vegen går i dag heilt i vasskanten av Fremstevatnet med berghammaren tett innpå på øvste sida.

Utviding av vegen til min 3 m breidde i tillegg til grøfter slik det er omtalt i Vassbakke Kraft AS sin konsesjonssøknad vil difor også føre til store inngrep i naturmiljøet langs Fremstevatnet.

Konklusjon :

Veglaget går sterkt imot at vegen skal utvidast slik Vassbakke Kraft AS har omtalt i sin konsesjonssøknad.

Følgjande dokumentasjon vert lagt ved denne uttalen :

1. Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Volda kommune 17.12.02
2. Melding om oppstart av reguleringsarbeid –Steinsvik Olivin- Uttale frå kultursektoren 12.02.02
3. Fortidsminneforeininga Volda/Ørsta lokallag 13.01.03
4. Brev frå Unni Eidså til Ambio Miljørådgivning 19.10.02
5. Brev frå Angeline Vassbakke til Ambio Miljørådgivning 16.10.02.